



DAGSORDEN

Styringsgruppa for Miljøløftet

Stad: Teams

Dato: 7. februar 2025

Klokkeslett: 09:00-12:00

Saksbehandlar: Anders Kjetland

Dato: 31. januar 2025

Saksliste byvekstavtalen

- | | |
|-----------|---|
| Sak 1/25 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| Sak 2/25 | Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 04.12.2024 |
| Sak 3/25 | Utvikling i personbiltrafikken (Byindeks) |
| Sak 4/25 | Byutredning for Bergensområdet 2025 - Samansetjing av arealbruksalternativ og verkemiddelpakkar |
| Sak 5/25 | Nye statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet |
| Sak 6/25 | Handlingsprogram 2026-29 |
| Sak 7/25 | Oppfølging, prosjekt som ikkje har fått post 30-finansiering over statsbudsjett |
| Sak 8/25 | Søknad om Nasjonal sykkelfestival i Bergen 2026 |
| Sak 9/25 | Innspel til dagsorden, politisk styringsgruppemøte 12. mars |
| Sak 10/25 | Kjennskap og haldningar til Miljøløftet |
| Sak 11/25 | Kommunikasjon i Miljøløftet: Aktivitetsplan 2025 |
| Sak 12/25 | Tilgang til kollektivfelt – forslag frå Statens vegvesen på høyring |
| Sak 13/25 | Gjennomgang av regelverket for fartsgrenser i by, og bruken av dette |
| Sak 14/25 | Oppdrag om å utvikle trafikksikkerhetsindikator for byvekstavtalene |
| Sak 15/25 | Eventuelt, byvekstavtalen |

Saksliste bypakke Bergen

Sak 16/25 Trafikk og inntekt
Sak 17/25 Eventuelt, bypakke Bergen

Saksliste byvekstavtalen

Sak 1/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.

Sak 2/25 Godkjenning av referat fra møtet i styringsgruppa 04.12.2024

Sjå vedlegg 1

Forslag til vedtak: Vedlagt referat er godkjent.

Sak 3/25 Utvikling i personbiltrafikken (Byindeks)

Statens vegvesen har publisert oppdatert byindeks til og med desember 2024. Tala viser at trafikken i treårig glidande indeks er -0,1 pst. samanlikna med 2018. Statens vegvesen presenterer tala i møtet. Lenke til rapporten:

https://www.vegvesen.no/globalassets/fag/trafikk/trafikkdata/byindeks_bergen_2018-2024-12.pdf?v=48f2a7

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 4/25 Byutredning for Bergensområdet 2025 - Samansetjing av arealbruksalternativ og verkemiddelpakkar

Sjå vedlegg 2

Det skal gjennomførast nye byutgreiingar som skal gi eit fagleg kunnskapsgrunnlag før reforhandlingar av byvekstavtalane, jf. oppdrag frå Samferdselsdepartementet frå juni 2024. Utgreiingane skal ikkje tilrå ein verkemiddelpakke eller ein portefølje av tiltak, det vil kome i samband med reforhandling av byvekstavtalen. Partane i byvekstavtalen vert bedne om å slutte seg til at det vert arbeidd vidare med byutgreiinga i tråd med omtalen av arealbruksalternativ og verkemiddelpakkar i denne saka, sjå vedlegg X.

Dei overordna føringane i retningslinjene for byutgreiingane er at det skal reknast på minst fire verkemiddelpakkar og at alle desse skal vise nullvekst. I verkemiddelpakke 1 reknar ein i hovudsak på verkemiddel som oppmodar til auka bruk av kollektiv, sykkel og gonge. I verkemiddelpakke 2 vurderer ein i hovudsak bilregulerande tiltak. Verkemiddelpakke 3 skal vere ein kombinasjon av pakke 1 og 2. Verkemiddelpakke 4 skal byggje på pakke 3, men det skal i tillegg leggjast til grunn strengare arealbruk med høgare grad av fortetting. Det er tilrådd at det vert arbeidd vidare med tre tiltaksbanar med ulik grad av fortetting av folketalsveksten.

Forslag til vedtak:

1. *Styringsgruppa sluttar seg til at det vert arbeidd vidare i tråd med prinsippa for innhald i tiltaksbanar for arealbruk (Milepål 1), som omtalt i denne saka. Dette inneber i utgangspunktet fire ulike arealbruksalternativ: Ein referansebane der dei vedtekne arealplanane til kommunane blir lagde til grunn, to tiltaksbanar med*

fortetting i tråd med lokalt vedteken senterstruktur og arbeid med ny KPA, og ein tiltaksbane i tråd med statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet og med Regional areal- og transportplan for Bergensområdet.

2. *Styringsgruppa sluttar seg til at det vert arbeidd vidare i tråd med prinsippa for innhald i verkemiddelpakkar (Milepål 2), som omtalt i denne saka. Tiltak som skal greiast ut er treffsikre bompengar, parkeringsregulering, kollektivtakstar og kollektivtilbod, og investering i transportinfrastruktur for alle transportformer.*

Sak 5/25 Nye statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet

Sjå vedlegg 3

I desember 2024 vart det vedteke nye statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet. Statsforvaltaren orienterer om dei nye planretningslinjene i møtet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 6/25 Handlingsprogram 2026-29

Sjå vedlegg 4

Saka er ei av fleire saker som gjeld rullering av handlingsprogram 2026-2029 og innspel til statsbudsjett 2026. I følgje tidsplan for rullering av handlingsprogrammet, skal prioriteringssrådet gjere prioriteringa av prosjekt i sitt møte 3. mars.

Styringsgruppa skal i møte 12. mars vedta innspel til prosjekt med finansiering over post 30 i statsbudsjettet, medan endeleg handlingsprogram skal vere vedteke i styringsgruppemøte 25. april.

I denne saka blir det presentert ein tidsplan for behandlinga av handlingsprogrammet. Det blir også orientert om samla kostnad for prosjekta, og handlingsrom for dei ulike finansieringskjeldene. Slik kan ein danne seg eit bilet over på kva område det er særleg viktig å prioritere mellom prosjekt i vidare handsaming av innspelet til handlingsprogram.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering. Styringsgruppa sluttar seg til videre prosess for HP 26-29.

Sak 7/25 Oppfølging, prosjekt som ikkje har fått post 30-finansiering over statsbudsjett

Sjå vedlegg 5

Dette er ei oppfølging av sak 65/24 i styringsgruppa, det det blei bedt om at det blir lagt fram ei ny sak som sikrar oppstart av prosjekt som ikkje fekk midlar i forslag til statsbudsjett 2025. I første omgang la sekretariatet fram sak 85/24 i prioriteringssrådet, og saka vart følgd opp i sak 4/25 i prioriteringssrådet 28. januar.

Vedlagte notat gjer greie for mogleg vidare oppfølging av desse sakene.

Forslag til vedtak:

Styringsgruppa drøftar forslag om å omdisponere tilgjengelege midlar til prosjekt i tabell 2.

Styringsgruppa stiller seg bak forslag om at prosjekt som ikkje fekk midlar over statsbudsjettet, og er klar for byggestart i år, blir spelt inn til Statens vegvesen for vurdering inn mot revidert nasjonalbudsjett.

Sak 8/25 Søknad om Nasjonal sykkelenkonferanse i Bergen 2026

Sjå vedlegg 6

Bergen kommune og Vestland fylkeskommune har tatt initiativ til ein søknad om å vere vertskap for Nasjonal sykkelenkonferanse 2026. Konferansen blir arrangert av Syklistforeningen annakvart år, sist i Stavanger. Ein inviterer også resten av Miljøloftet til å stille seg bak søknaden. Det er dialog mellom Bergen kommune og Vestland fylke om å saman dekke eingongstilskotet for å arrangere konferansen. Miljøloftets sekretariat vil også kunne bidra over kommunikasjonsbudsjettet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa er positive til at Bergen kommune søker om å vere vertskapskommune for Nasjonal sykkelenkonferanse i september 2026, og til at Miljøloftet stiller seg bak søknaden. Partane avklarar finansiering og vidare samarbeid.

Sak 9 /25 Innspel til dagsorden, politisk styringsgruppemøte 12. mars 2025

Samferdselsdepartementet har bedt om innspel frå lokale partar til dagsorden for møtet i politisk styringsgruppe 12. mars. Prioriteringsrådet drøfta dette i møtet 28. januar, og lokale partar har i ettertid drøfta innspel til dagsorden. Bergen kommune og Vestland fylkeskommune har kome med følgande innspel:

- Vi nærmer oss siste handlingsprogramperiode i gjeldende avtale, byutredningene skal ferdigstilles i 2025, og vi har et bybane-prosjekt som mangler statlig finansiering. Lokalt er det derfor en forventning om snarlig tilleggsavtale/reforhandling av byvekstavtalen.
- Lokale parter orienterer om status for arbeidet med Bybanen byggetrinn 5 og forventning om snarlig oppstart av E39 Fløyfjelltunellen.

Bergen har ingen fungerende beredskapsvei ved hendelser i hovedvegnettet og er avhengig av snarlig oppstart på Fløyfjellstunnelen, og oppgradering etter tunnelsikkerhetsforskriften, for å kunne realisere Bybane til Åsane. Bybane til Åsane, og kapasitetsøkning på bybane sørover er avhengig av realisering av Fløyfjellstunnelen. Realisering av Fløyfjellstunnelen trenger ikke avvente realisering av Bybanen.

- Bergensområdet opplever en voldsom vekst i antall kollektivreiser, men den generelle kostnadsveksten gjør at fylkeskommunen ikke har økonomi til å øke tilbudet i tråd med etterspørselen. Fylkeskommunen orienterer om behov for økte statlige midler til å styrke kollektivtilbudet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa foreslår dei presenterte innspela til dagsorden i møtet i politisk styringsgruppe, 12. mars 2025.

Sak 10/25 Kjennskap og haldningar til Miljøloftet

Sjå vedlegg 7 og 7a

Årleg blir det gjennomført ei spørjeundersøking om kjennskap og haldningar til Miljøloftet og andre relaterte emne. Resultata for 2024 er no klare.

Vedlagt ligg ferdig rapport. Sekretariatet presenterer resultata i møtet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 11/25 Kommunikasjon i Miljøloftet: Aktivitetsplan 2025

Sjå vedlegg 8

Sekretariatet har eit særskilt ansvar for kommunikasjonsarbeid i Miljøloftet.

Kommunikasjonsarbeidet er knytt til å gjere Miljøloftet-prosjekta kjent for publikum, og å drive haldningsskapande arbeid og reiserådgjeving. Forslag til aktivitetsplan (vedlegg) viser planlagd fordeling av innsatsen i 2025.

Kommunikasjonsgruppa i Miljøloftet har vore involvert i arbeidet med aktivitetsplanen.

Rammeavtale med Haltenbanken blir nytta til det meste av arbeidet i planen.

Aktivitetsplanen har ei budsjetttramme på 2,55 millionar kroner eks. mva.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 12/25 Tilgang til kollektivfelt – forslag frå Statens vegvesen på høyring

Statens vegvesen ønsker å sikre god framkome for bussane og å stimulere til raskare omstillingstakt for elektriske varebilar og lastebilar. Vi foreslår difor nye reglar for bruk av kollektivfelt. Statens vegvesen presenterer forslaget i møtet. Lenke til høyringa: [Tilgang til kollektivfelt | Statens vegvesen](#)

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 13/25 Gjennomgang av regelverket for fartsgrenser i by, og bruken av dette

Statens vegvesen går no gjennom kriteria for fastsetting av fartsgrenser i by, og korleis regelverket blir brukt og tolka når lokal vegstypesmakt fastset fartsgrenser. Målet med gjennomgangen er å sikre fartsgrenser i byane som underbygger nullvisjonen og nullvekstmålet. Statens vegvesen presenterer status for arbeidet i møtet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 14/25 Oppdrag om å utvikle trafikksikkerhetsindikator for byvekstavtalene

Statens vegvesen har fått eit oppdrag frå Samferdselsdepartementet om å utvikle en trafikksikkerhetsindikator som skal inngå i indikatorsettet for byvekstavtalene. Hensikten er å gi partene eit verktøy for å følgje ulykkesutviklinga, vurdere behovet for trafikksikkerhetstiltak og på sikt følgje opp effekten av gjennomførte tiltak. Forslag til ny indikator skal leverast innan utgangen av 2025.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 15/25 Eventuelt, byvekstavtalen

Saksliste bypakke Bergen

Sak 16/25 Trafikk og inntekt

Utviklinga av fordeling av køyretøy og bompengeinntektene i Bypakke Bergen blir presentert for styringsgruppa for bypakke Bergen jamleg. Trafikkutviklinga bør sjåast i samanheng med anna trafikkovervaking, så som byindeksen og utvikling i bruk av kollektiv. Trafikk og inntekt i bypakke Bergen blir derfor presentert for Miljøløftets styringsgruppe, som del av eit grunnlag for å følgje med på måloppnåinga.

Vestland fylkeskommune presenterer oppdaterte tal til og med desember 2024 i møtet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til drøfting.

Sak 17/25 Eventuelt, bypakke Bergen